



Rodeleiar Gunn Mari Moberg gjer Anne Irene Guddal Tarberg og borna Håkon (5 månader) og Aurora Sofie (3 år) klare til innsats på Korsnes

Bra resultat men ikkje rekord. Det er konklusjonen etter TV-aksjonen i Uskedalen i ettermiddag. Det vart samla inn 32 908 kroner som må karakteriserast som eit normalresultat for bygda hvis ein blar litt i statistikken. Det beste innsamlingsresultatet i dei seinare åra er 35 624 i 2009 og på andreplassen ligg 2011 med 33 241. Med andre ord har innsamlingane hatt ein nesten utruleg stabilitet med omsyn til summer.



Mona Enes hadde Geilo som innsamlingsområde
Rodeleiar denne gongen var Gunn Mari Moberg som mønstra

14 innsamlarar. Også det er ein normal-bemanning, som dekkjer bygda bra frå fjorden til Friheim. På dei største rutene var det 2 og yngste innsamlar var 5 månader gammal! Det var ikkje problematisk å få eit tilstrekkeleg antal innsamlarar då det nærma seg sjølve innsamlingsdagen og Gunn Mari slå fast at det er ein stor fordel at dei som stillar opp har gjort det før. Og det hadde mange som deltok også denne gongen.

I heile Kvinnherad vart det samla inn 458 355 kroner, som er 90 000 meir enn i fjor og det beste resultat sidan 2007.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Mor Bente Hovden og datter Amalie Hovden Rød på veg ut til glade givere